Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 | Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sande

Emne: Folke medisin | Bygdelag: Sandsöy

Oppskr. av: Gerhard Bringsvor | Gard: Leina

(adresse): Sandshamn | G.nr. 73 Br.nr. 20

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest av eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Jau dei var meir hardføre folk før. Dei laut so vera, doktor var det lang veg etter, og mykje folk, hadde därleg råd, å søkja doktor. difor leid dei mykje vondt, før döden kom som ei befriing. Ikkje var det brukt å bedöve under operasjonar, eller Tanntrekking, so folk bar lidingane med ro og tolmod!

2 Folk visste lite om smitte, difor herja dei smittsame barne sjukdomar fælt, og mykje born döydde av det. Her höyrt at dei brende Einekollar, so den röyken, skulde reinsa og hjelpa litt, men elles veit eg om inga råd mot smitte, den einaste råda var at dei sjuke vart Isolerte, so det ingen omgang var med friske folk!

3 Nei noko sers medisin veit eg ikkje, som folk gjöymde på. Ei flaske Brennevin hadde dei fleste, og dei trudde det var lekedom i den. Nafta og Rigabalsam var og god medisin, å ha. Like eins Trönolje måtte til når barnet hadde Mageverk.

4 Hadde folk råd til det, so hadde dei fleste slike medesiner, som er nemd ovanfor i skåpet sitt!

16167

Emne nr 80 Folkemedisin.

5 Når nokon vart sjuk, og dei ikkje hadde dei medisin, som dei trudde trongdes, fekk dei låne, med kven som helst, som hadde.
Folk var hjelpsame soleis!

6 – 7 Har aldri höyrt um noko, som heiter Treak!

8 Har höyrt folk snakke um Dyvelsdrikk, men har ikkje höyrt hverken kva den var laga av, eller kva den vart brukt til!

9 Det var sume som stelte med, og laga ymse slags medesin, og dei for, ute i mark og skog og samla, slike vekstar, som dei koke til Medesin!

10 Når Medesinen var kokt, vart den haft på flasker, og sett burt i eit rom som dei brukte dertil. Men dei hadde mykje turre plantar hengande på eit luftigt rom!

11 Ja det var ymse ting, som vart kjöpt på Apotek, men nokre sers namn på det veit eg ikkje!

12 Jau eg huksar, at det for karar rundt og selde Voltakors, og ymse andre saker, som det var Elektrisitet i, og mange konor som var plaga av Gikt, tykte det var hjelp å få av dette!

13 Trur helst dei fekk kunsten overlevert munnleg, og vedkomande hadde det i haudet!

14 Jau; det fanst mest i kvar heim böker, der ein kunne lesa seg til kor ein sjukdom hadde seg, og kor ein skulle stelle den sjuke.
Desse böker vart kalla Doktorböker. Huksar især ei, som heitte. Dr Ostermanske folkeskrifter!

16167

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Emne nr 80 Folkemedisin!

15 Nei men det var so mange, sortar medisin at eg ser meg ikkje syn med å finne fram i dette!

## Bygdelækjarar!

16 Det var både menn og kvinnor, som dreiv og lækte, folk og kröter!

17 Nei, det var likso ofte frå ein husmannsplass eller frå ein fatigheim!

18 Ja det kunne ofte vera, innflytterfolk, for det var liksom folk hadde meir tiltru til slike enn folk frå bygda!

19 Nei det var helst sidan folk kom opp i åra at dei gjenom livs efaring, tok til med sovore!

20 Ja det hende at folk or same ætta, hadde intresse og lag til slikt!

21 Den medfödde givnad, var berre at dei hadde mod og givnad til slikt, men born veit eg ikkje, hadde slik givnad!

22 Ja det var ofte, slik at ein hadde ymse sjukdomar, enten sjölv, eller i huslyden, og ved å passe ein sjuk i lenger tid, lærde dei mangt som kom til nytte seinare!

23 Det var helst når folk trong hjelp, at dei som kunne litegrand med lækjing, stod til teneste!

24 Dei tok sjeldan pengar, for dette å hjelpa folk. Dei fekk, helst noko i naturalia, so som eit stykke Flesk, eit kjötlår, eller ein pose mjöl, kvis det var folk som trongde slikt!

25 Nei dei fyrste Distriktslækjarar, ja seinare og, har arbeidt imot dei ukunnige bygde doktorar alle dagar, dei såg i dei ein fiende beint fram!

16167

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 85. Lækjarar og Bygdemedisin

26 Ja dei vart ofte kritisert for sit arbeid, mange kunne beint fram ingen ting, og gjorde ofte fadeser, gjorde ofte sjukdomen verre enn den var. Men dei var billege, ofte heilt gratis, og det hadde mykje å segja, i ei tid, då det ikkje fanst pengar hjå folk!

27 Dei vart og dregne for retten, og summe tider var det hardt nokk, å forsvara dette arbeidet sit, som dei hadde drive!

28 Ja det vart, og imstemt til vitne, av bygdefolket, og summe var imot bygdedoktoran, Især dei som hadde vorte, ute for ei eller annor fadese, men det var og dei som heldt med bygdedoktoren, og fått hjelp av han!
Den bygdedoktor, som eg kjende best til opererte her, frå 1880 åra, og utover til 1920. Og det var mykje ljos skygg verksemd han dreiv med. Især var han skulda for, å hjelpa Gravide kvinnor, til å verta av med fosteret. Dei sökte han langveis frå. Har höyrt at han hadde hjelpt ei kone, som hadde sin mann i Amerika, til å verta av med eit foster, som ho hadde bekome, på ulovleg vis. Har höyrt at denne kona döydde, og det var på kanta, at han vart dregen for retten, men han kom seg fri. Denne kona var frå eit nabohérad.
Men det var og bygdedoktorar som både kunne og gjorde mykje godt. Dei var kje lærde, men dei visste mykje her. Det var Sakarias Brune frå Volda, og Martinius Lassebö, frå Vanylven. Desse minnest folk, for alt godt dei gjorde, oftast nesten gratis, Denne siste kjende eg godt, og har sökt han ein gong for ei vond hand!

16167

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 80 Lækjarar og Bygdemedisin!

B Lækjarråd og Lækjekurar!

29 Dette har eg ikkje greie på. Det var ei kone
i Syvden, eit nabòherad. Ho heitte Sefora
Myklebust, har vore hjå henne ein gong, men
eg skjønte ikkje, kva slags plantar, ho brukte.
Men eg trur, at folk samla Hylleroser,
Kjerringrokk, Ryllik, og ymse andre blomar
til medisin!

30 Ja dei brukte å samla dette sjølve!

31 Dei brukte å henga det uppe, på eit luftig
stad, til turking, sidan kokte dei safta ut av
dei, og hadde den på flasker!

32 Jau det var ymse vekstar, som dei kjøpte
på Apotek og, men helst slike, som det
var vanskeleg å få tak i sjølve!

33 Det var vel berre å koka, og ha på flasker!

34 Jau dei hadde visstnok opskrifter å gå etter,
når dei blanda, og stelte til medisinen!

35 Nei, har ikkje høyrt, anna enn at det var
vanleg vatn, dei brukte!

36 Har ikkje høyrt noko om det!

37 Har høyrt, at dei brukte Kamfer brennevin
til ymse sjukdomar, men kva den skulde
hjelpa for veit eg ikkje!

38 Ja den kona i Syvde, som eg nemnde ovanfor
på 29, dreiv med å lækja for Eksem og Utslett.
Ho gjorde visstnokk mykje godt, og har fått
ei masse takkeskriv, frå heile landet!

39 Nei Noko utstyr, hadde dei ikkje, det
fortelst, at Martinius Aasebø, trakk ut
Tenner, med Skjegget av ein Nøkkel, men
han løyste fyrst Tannkjøttet, med Tollekniven.

40 Trur ikkje dei hadde noko å hjelpe seg med!

41 Nei har ikkje høyrt nokon, som laga, noko
å hjelpa seg med i so måte!

42 Ja, dei dreiv mykje, med å koppe folk, ja
årelating og!

16167

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 80



43 Hükser dei, hadde ei lita Maskin, med nokre kvasse knivar i, denne stakk dei då hol på hüda med, når då blodet kom sette dei på nokre, Glas, som saüg til seg blodet. Dei brükte og fremste endan av eit Küharn, som saüg seg fült av blod.

44 Ja dei kjöpte Iglar, som dei sette på seg, denne saüg då Blod, til han var füll. Dei tok han då, og la han i eit Glas vatn, so han fekk spy seg rein!

45 Ja dei stansa blod, med å binda til ovanfor skadan!

46 Dei prövde å hjelpa for alt. Men best arbeid gjorde med Beinbrot, Brikkling av Led, i arm eller fot.

47 Dei hadde medesinet göymt i Skrin med Lås for.

48 Ja då hadde, eit mindre Skrin, eller ein Laup.

49 Ja dei hadde sokalla Doktorböker, men elles hadde dei det meste av rådom i handa!

50 Dei eldste slike böker, var sikkert trykte i Danmark, men etterkvart har slike böker vorte skrivne og trykte her i landet og!

51 Nei av dei bygdedoktorar eg kjenner, til. var det ingen, som künne framande språk.

52 Nei bygdedoktorane lånte ikkje bökerne bürt til andre, dei vilde sjölsagt behalda künsten sjölve!

53 Ja slike eldre doktorböker, slang vel rundt i mange heimar endå. Men dei vi har, er ikkje so veldig gamle, og det hender vi ser i dei, når noko står på!

16167

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING Gerhard Bringsvor